

**Fra:** fylkesarkivet@hfk.no  
**Sendt:** 15.05.2015 22:15:25  
**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak  
**Kopi:**

**Emne:** arkivnummer 2015/143. Søknad om driftstilskot til sogelaga.  
**Vedlegg:**

Sokjar: Radøy sogelag  
 epost: einar.borgund@bkkfiber.no  
 Kontaktperson: Einar Borgund  
 Skattekommune: Radøy  
 Organisasjonsnummer: 997 609 220  
 Medlemstal: 220  
 Budsjett\_soeknadssum: Søknadssum: 26 000. Utgifter: Trykking 25 000, Layout/design: 2 500,- Sats/korrektur: 3 500,-  
 Biletkorrigering/manupilasjon: 1 500,- Klargjering og oversending til trykk: 500,-, Distribusjon 2000, Diverse utgifter: 1000. Totalt: 36 000. Inntekter: Tilskot HFK 26 000,- sal: 10 000,-  
 Adresse: v/Einar Borgund, Raunholmskogen 27, 5936 Manger  
 Tidsskrift\_publicasjonar: Radøy sogelag har gjeve ut kring 20 medlemshefte med lokalhistorisk stoff.  
 I år 2011 gav me ut boka "Krigsår på frå Radøy 1940 - 1945".

I 2014 kom boka "Eg likar Radøy best" ut. Boka var eit samarbeidsprosjekt mellom Radøy sogelag og Radøy kommune om Radøy kommune si 50-årige historie.

Radøy sogelag var og medverkande til boka "Nordhordland 1814 – 2014", som kom ut i 2014. Boka var eit samarbeidsprosjekt mellom fleire av sogelaga i Nordhordland.  
 Skisse: Me vil gje ut eit hefte/bok på kring 60-80 sider om nyryddingsbruk i Radøy kommune. Boka/heftet skal vera i A5-storleik, trykkjast i fargar, og ha limt rygg. Me planlegg eit opplag på 500. Boka/heftet skal setjast av ein grafisk designar, for å gje det eit tiltalende og profesjonelt preg. Boka/heftet skal innehalda fleire artiklar av ulike forfattarar, og vera rikt illustrert. Me vil leggja særleg vekt på dei såkalla bureisarane, som med statleg tilskot skulle skaffe seg leveveg av jord som ikkje tidlegare hadde vore dyrka. Fleire av artiklane er bygd på munnlege overleveringar, som er viktig å få nedteikna. Endå lever ein del personar med minner frå "dei harde 30-åra" og tida frametter. Desse gardane vart ofte lagt i utmarka, og fleire av desse bruka fekk ikkje køyreveg før på 1960-talet. I perioden frå 1922 til midt på 1930-talet kom over 2000 dekar nytt jordbruksland i produksjon i det som i no er Radøy kommune og gav plass til om lag 35 nye heimmar. Prosjektet vil mellom anna få fram "lagnaden" til desse gardsbruka. Boka/heftet skal distribuerast til medlemer og seljast til interesserte. I samband med friluftslivets år vurderer me også ein guida fottur innom nokre av desse bureisingsbruka.

Maal\_framdriftsplan: Målet med prosjektet er å løfta fram historien om dei mange nyryddarane og bureisarane i Radøy. Heftet skal trykkast i løpet av hausten, og vera klart i god tid før jul 2015.

Planlegging\_samarbeidspartnar: Sogelaget sitt skriftstyre er ansvarleg for gjennomføringa av prosjektet. Styret har det økonomiske ansvaret.

Dugnadsarbeidet i høve dette prosjektet har pågått i om lag eitt år.

Sammendrag: Radøy sogelag skal gje ut eit hefte/bok på omlag 60-80 sider om nyryddingsbruk og bureisarar i det som i dag er Radøy kommune. Me vil leggja særleg vekt på dei mange bureisarane som rydda seg gard i utmarka til seg og familien på 1920- og 30-talet. Fleire av desse artiklane byggjer på munnlege overleveringar. Boka skal gjevast ut i 500 eksemplar og distribuerast til alle medlemmene og elles seljast til andre interesserte.